

Årsmelding og Rekneskap 2012

Stord vatn og avlaup KF

Innhald:

Innhald	1
Året 2012	2
<u>Administrasjon og leing</u>	
Styret	3
Medarbeidarar/organisering/likestilling	3
Organisasjonsplan 2012	4
Lokal	4
Administrative tiltak 2012 – Rammeavtalar	5
<u>Drift VAR</u>	
Kjernetjenester i SVA KF VAR	5
Drift VAR	6
Saneringsprosjekt i 2012 VAR	6
Nøkkeltal frå drifta VAR	6
<u>Drift VTP</u>	
Kjernetjenester i SVA KF VTP	7
Drift VTP	7
<u>Prosjekt VAR</u>	
Pågåande prosjekt	8
<u>Prosjekt VTP</u>	
Utførte prosjekt i 2012	9
<u>Arbeidsmiljø</u>	
Arbeidsmiljø, hendingar, avvik, sjukefråvær	9
Kompetanseheving	10
<u>Anna</u>	
Nøkkeltal. Kundar hos Stord vatn og avlaup KF	11
Nøkkeltal. Utvikling av eigedomsgebyra	11
Rekneskap -, fakturering - og arkivtenester mm	11
<u>Årsrekneskapen 2012</u>	
Investeringar/lån	12
Drift	13
Økonomisk oversikt drifta	15
Økonomisk oversikt investering	16
Balanse	17
Notar 1-9	frå 18
Revisjonsberetning 2012	

STYRET SIN ÅRSBERETNING OG ÅRSREKNESKAP 2012
For
Stord vatn og avlaup KF

2012

Frå 1.1.2012 blei tenestene *kommunal veg, trafikksikring og parkering* (VTP) ein del av tenesteområda til føretaket. Føretaket har soleis i dag ansvaret for vatn, avløp, renovasjon, slam, kommunal- veg, trafikksikring og parkering.

Utbygging og drift av vassforsyning - og avløpsanlegg er grunnleggjande for samfunnsutviklinga både lokalt, regionalt og nasjonalt. Overordna godkjenings - og kontrollmynde for produksjon og levering av drikkevatt og reinsing av spillvatn stiller strenge krav til kvalitet og tryggleik i alle ledd. Stord kommune har i denne samanhengen store utfordringar i åra som kjem både med utbygging av nye VA – anlegg, rehabilitering av eksisterande anlegg, og kvalitetssikring av drifta i eit heilskapleg og berekraftig HMT perspektiv.

Produksjonen av drikkevatt auka med 11,3 % frå 2011 til 2012. Det blei produsert totalt 4 323 450 000 liter drikkevatt! Det er mykje vatn!

Ein av fleire grunnar til dette auka vassforbruket er utspyling av vassleidningane som driftsavdelinga har utført i 2012. Det har også blitt nytta mykje vatn i samband med desinfisering av det nye reservoaret ved vasshandsamingsstasjonen. Det var i 2012 registrert 40 brot på dei kommunale hovudvassleidningane, mot 28 brot i 2011. Vasslekkasjar er ei stor utfordring for driftsorganisasjon. Lekkasjesøk og kontinuerleg betring av leidningsnettet er ei av dei viktigaste oppgåvene for føretaket.

I 2012 har det vore stor aktivitet på prosjektsida. Prosjekt i SVA blir handtert på to ulike måtar. Prosjekt der SVA nyttar egne tilsette saman med eksterne ressursar (entreprenør), og prosjekt der driftsavdelinga sjølv utfører alt arbeidet. SVA er også ein viktig part i nokre av dei store private utbyggingsprosjekta i kommunen.

I 2012 har det blitt nytta meir midlar til investering enn budsjettet. Dette har ført til at utsette prosjekt frå tidlegare år er gjennomført i 2012. Dette er positivt. VA saneringa på Jensaneset i Sagvåg er eit godt eksempel på dette!

Styret og administrasjonen nytta store delar av året til å arbeide fram vedtaks-underlag for framtidig hovudstruktur for handtering av spillvatn for Stord kommune. Dette var eit arbeid som blei utført i samsvar med avtale med kommuneadministrasjonen, politisk leiing og overordna forureingsmynde (Fylkesmannen). Kommunestyret fatta vedtak den 20.09 2012 i sak 58/12 om at hovudstrukturen for avløpsreinsing skulle utgreiast vidare. Utgreiingsarbeidet held soleis fram i 2013. Revisjon av kommunedelplanane for vassforsyning og avløp vil leggje føringane for den framtidige utbygginga av infrastrukturen i Stord kommune.

Som omtala i innleiinga, blei VTP ein del av tenesteområdet til SVA frå årsskifte 2011/12. Føretaket fekk inn ei teneste som ikkje skal gå på sjølvkostprinsippet. Arbeidet med å få oversikt over budsjett, kostnads- og tenestenivå for VTP har vore utfordrande og tatt mykje tid.

Sjølv om 2012 har vore utfordrande for både driftsorganisasjonen og administrasjonen i føretaket, er det gjort eit godt og framtidretta arbeid både når det gjeld utbygging og drift av veg, vatn og avløpsanlegg. Styret takkar medarbeidarane i føretaket for innsatsen, og håpar at kundane og innbyggjarane i Stord kommune er nøgde med dei tenestene som SVA KF har utført.

Styret

Administrasjon og leiing

Styret

Styret for SVA KF hadde for året 2012 fyljande samansetning:

Jarle Myklebust	Styreleiar fram til 20.09.2012
Roy-Sverre Amundsen	Styreleiar frå 20.09.2012
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Hege Økland	Styremedlem
Gunhild Enes	Styremedlem valt av medarbeidarane i SVA
Johannes Njøsen	Styremedlem
Stein Birger Lekven	Vara
Hilde Grov Ottesen	Vara
Leif P Lie	Vara valt av medarbeidarane i SVA

Styret har hatt 10 møter i 2012. Eitt av møta var strategimøte. Det har vore handsama totalt 47 saker gjennom året.

Medarbeidarar/organisering/likestilling

Ved utgangen av 2012 var det totalt 35 medarbeidarar i føretaket; 8 kvinner og 27 menn.

Føretaket er organisert med 7 tenesteproduserande avdelingar: Økonomi, VAR-Drift, IK/HMT tenester, Prosjekt og frå 1.1.2012 Veg, Trafikksikring og Parkering.

I tillegg kjøper føretaket tenester frå administrasjonen i Stord kommune; Personaltenester, Rekneskap og løn, IKT, Sekretær- og arkivtenester, tingartenester og post/teletenester.

Medarbeidarane er fordelt slik:

	Medarb 2010	Medarb 2011	Medarb 2012
Administrasjon	4	4	5
Driftsleiing og forvaltning	5	5	7
Drift	12	12	19
Økonomi forvaltning	2	2	2
Prosjektleiing	2	2	2
Sum	25	25	35


Stillingsprosent var i 2012 som fyljande: 1 stk. 70%, 1 stk. 50%, 1 stk. 40%. Resten er 100% stillingar.

Føretaket hadde 4 stk. 100% vakante stillingar pr. 31.12.2012.

Føretaket har tre medarbeidarar som er på Seniortiltak.

Føretaket har stor overvekt av menn. Føretaket ser ein positiv trend når det gjeld kvinner innan administrasjon og forvaltning. Ved nye tilsetjingar bør fleire kvinner inn i føretaket, under elles like tilhøve. Føretaket er generelt pålagd å fylja lønspolitikken til Stord kommune. Føretaket er opptatt av likeløn.

Viser også til Note 2 Årsverk, i rekneskapen!



Lokal

Føretaket held til i SKE bygget på Heiane, Rundehaugen 45.

I fyrste etasje:

Her er drifts medarbeidarane lokalisert. Her finn ein formannskontor, matsal, verkstad, lager og garderoabar.

På uteområdet ved fyrste etasje:

Her er det garasjeanlegg og parkeringsområde for maskin- og bilpark.

I tredje etasje:

Her finn ein medarbeidarar for administrasjon, forvaltning, kontroll og støttetjenester. I tredje etasje er også inngang for besøkjande

Administrative tiltak i 2012 - Rammeavtaler

I gjennom året 2012 har det blitt arbeid sterkt med å få på plass innkjøps- rammeavtaler på sentrale tenester. Dette er tenester som dei komande åra skal skape stor effektivitet. Rammeavtalane har systematisk blitt arbeid med og gjennomført i samsvar med reglane for «Offentleg anskaffing».

Rammeavtale med ekstern entreprenør:

Det er laga rammeavtale med Landmark Maskin AS. Dette er ein rammeavtale som er gjeldande i to år, med opsjon på ytterlegare to år.

Rammeavtale gjeldande pumpestasjonar for spillvatn:

SVA har inngått rammeavtale med Xylem Water Solutions (tidlegare ITT Flygt) om levering av pumpestasjonar for spillvatn. SVA har saman med Xylem utvikla ein ny prototyp tørr oppstilt pumpeasjon Modellen blir kalla «Stord modellen». Utviklinga har hatt særskilt fokus på HMT for operatørane og driftstryggleik. Dei fyrste nye pumpestasjonane blei nytta i VA saneringa på Jensaneset i Sagvåg. SVA har store von til denne rammeavtalen! Dette er også ein rammeavtale som er gjeldande i to år, med opsjon på ytterlegare to år.

Drift VAR

Kjernetenester i SVA KF

VAR. Tenester innan sjølvkostprinsippet

Det er Stord vatn og avlaup KF som har eigaransvar for Stord kommune sin vassleveranse, leidningsnett og avløpsreinseanlegg. Føretaket utfører drift, vedlikehaldsarbeidet og forvaltninga. Tenestene (eks overvatn) er fullt ut finansiert med eigedomsgebyr, og skal gå under sjølvkostprinsippet

Vatn

Drikkevatt som SVA leverer, skal vere hygienisk trygt, klart og utan nemnande lukt, smak eller farge. Det skal ikkje innehalde fysiske, kjemiske eller biologiske komponentar som kan medføre fare for helseskade i vanleg bruk.

Avlaup

Som avløpsabonnt hos SVA skal ein vere sikra at avløpsvatnet vert leia bort på ein hygienisk trygg måte, og at kommunen driv avløpsanlegga i tråd med gjeldande utsløpsløyve.

Den enkelte abonnt har ansvar for å halda eigne stikkleidningar i orden, og skal også sjå til at det ikkje kjem miljøfarleg avfall eller anna stoff i leidningsnettet som kan hindra ei effektiv reinsing i samsvar med gjeldande miljøkrav. Kjøkkenkvern er forbode i Stord kommune!

Renovasjon

SVA er ansvarleg for renovasjon og slamtøming i kommunen, men har gitt den utførande oppgåva vidare til Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM).

Drift VAR

Driftsavdelinga for VAR, har også i 2012 hatt eit aktivt år. Driftsavdelinga har utfordringar både på dag- og nattetid.

Vår driftsavdeling for VA driftar fyljande anlegg:

Stasjon	
Vassleidning	244 km
Av dette eternitt leidning	22 km
Avløpsleidning	174 km
Vasshandsamingsstasjon (Dynasand og UV)	1 stk.
Krisevasshandsamingsstasjon (Klor)	1 stk.
Høgdebasseng store	2 stk.
Høgdebasseng små	2 stk.
Målekummar på vassleidning	10 stk
Kommunale spillvass-pumpestasjonar	36 stk
Kommunale slamavskiljarar	4 stk.
Reinseanlegg Spillvatn (Mek. Sil)	3 stk.

Saneringsprosjekt i 2012 VAR:

Prosjektnamn		Ført i drift	Ført i investering	Utført av
VA Lyhaugen. Ferdigstilling			X	Intern
VA Amlievegen oppstart		X		Intern
Vasskummar Snickersvingen			X	Ekstern
Steindepot Valvatna			X	Ekstern
Målekum Heiane			X	Ekstern
Lager Valvatna, samt uteområde			X	Ekstern
Oppdatert veg til Vaulane			X	Ekstern
Kum III (Kattetveit) omb. Teknisk skap		X		Intern
Kontorbrakke Rundeheugen		X		Ekstern

Nøkkeltal frå Drift VAR

I Stord vatn og avlaup KF har me produsert fylgjande mengd vatn for våre kundar:

År	2009	2010	2011	2012	Endr. 11-12
Produsert m3 (x1000 liter)	3.534.237	3.537.746	3.753.676	4.232.450	+ 478.774

Tal registrerte brot på vassleidning

År	2009	2010	2011	2012	Endr. 11-12
Brot	22	28	28	40	+12

Mengd utskifta leidning (Sanering og nye utbyggingar i regi av SVA KF)

År	2009	2010	2011	2012	Endr. 11-12
Meter Vassleidning	3999	1599	1823	3883	+2060
Meter leidning Spillvatn	813	5109	1804	3415	+1611
Meter leidning Overvatn	372	2605	-	3815	+3815

Drift VTP

Kjernetenester i SVA KF Veg, trafikk og parkering.

Generelt

I tillegg til vanleg forvaltningsarbeid knytt til fagområdet veg og trafikk er det gjeve fråsegner til mange reguleringsplanar osb.

Kommunale vegar

VTP har arbeidsområde for kommunale vegar der fyljande områder går inn i oppgåvene: Drift og vedlikehald av til saman ca. 160 km kommunale vegar og gang- og sykkelvegar, brøyting, grusing/strøing, veglys (her blir vedlikehaldet kjøpt inn via SKL), vegmerking, vegetasjon på veggrunn, reinhald og kommunale bruer

Trafikksikring

VTP er kommunen sin avdeling når det gjeld forvaltning, gjennomføring og kontroll av arbeidsfeltet skilt, trafikkregulering og trafikktryggleikstiltak.

Parkering

VTP er kommunen sin utførande avdeling når det gjeld forvaltning, gjennomføring og kontroll av avgiftsparkeringa i kommunen.

Drift VTP

Drifta i VTP går mest på sommar og vinter vedlikehald av vegar og fortau. Vintervedlikehaldet er mykje avhengig av dei aktuelle vær høva. Det er utfordrande å ha full kontroll over kostnadsrammene i så måte.

Vedlikehaldet går elles på utfordringane med å halde dei kommunale vegane i mest mogeleg køyrbar stand. Mange av vegane er svært slitt og er av ein dårleg stand. Etterslepet på vedlikehald blir for kvart år merkbart større.

Vår driftsavdeling for VTP driftar fyljande anlegg:

VTP	
Kommunale vegar (asfalt)	139 km
Kommunale vegar (grus)	7 km
Kommunale bruer	12 stk.
Parkeringsplassar for bil (Leirviksområdet)	910 stk.

Viktige tiltak som er utført i 2012:

Kommunale vegar

Det er gjennomført fast drift og vedlikehaldsprogram knyta til sommar og vintervedlikehald dvs. snøbrøyting, strøing, kantslått, grøftereinsk, feiing, slamsuging av sandfangskummar m.v. Årleg vedlikehaldsprogram for kommunale grusvegar er utført.

Stord veg, trafikk og parkering (VTP) har arrangert kurs i asfalteringsteknikk i mai 2012.
Kurshaldar: Vegteknisk institutt.

Det er laga inspeksjonsrapportar for kommunale bruer.

Det er utført arbeid med Kommunedelplan for veg (Hovudplan) 2012 -2019. Denne vil verta endeleg vedteken våren 2013.

Trafikksikring

Kommunedelplan for trafikksikring 2012 -2019 er gjennomført. Stord veg, trafikk og parkering (VTP) har starta opp arbeidet med reguleringsplan for fortau/ gangveg langs Hornelandsvegen. Det er gjennomført ein del ny skilting basert på vedtak i felles skiltgruppe (Stord kommune, Statens vegvesen og Politiet).

Ein del antikverte skilt med dårleg reflekteringsevne er skifta ut.

Etablering av kommunal gang/sykkelveg på Hystad.

Det er gjennomført fartsmålingar/teljingar i Skyttarhaugvegen jf. pågåande reguleringsarbeid.

Parkering

Med bakgrunn i politisk vedtak i Stord kommune har Stord veg, trafikk og parkering (VTP) tilrettelagt og gjennomført ordning med ”fyrste time gratis ” på avgiftsplassane Leirvik torg og teknisk bygg. Det er tinga oppgradering til EMV (Europay / MasterCard / Visa) systemet av eksisterande parkeringsautomatar.

Prosjekt VAR

Pågåande prosjekt pr. 31.12.2012.

Føretaket gjennomfører sine prosjekt gjennom to måtar.

- To prosjektleiarar som står for dei store og omfattande prosjekta
- Driftsavdelinga gjennomfører «Interne» prosjekt og utskiftingar/saneringar. Desse prosjekta blir også til tider omfattande og er betydelege for organisasjonen. (Sjå også tidlegare tabell over saneringsprosjekt)

Føretaket har vore delaktig i eller gjennomført mellom anna fyljande prosjekt i året 2012:

Åsbanen - VA Sæ/Åsbanen
Vassverket - oppgradering
Hybelsneset - Overvassanlegg K0-K3
Studalen/Lønningsåsen -san/utbetr.
Åsmyro -VA-arbeid
Høgdebasseng vassverket
Jensanesvegen/Sagvåg VA - anlegg
Jensanesvegen vegutbygging for SK og SV
Vassleidning Presthaug - Lundsås.
Prosjektering VA- Bjellandsvegen 1621/9011
Prosjektering Holevegen / Bandadalen
Steindepot Valvatna
Omlegging Kviteluren
Ny målekum Rundehaugen/Meamyro
Inspeksjon av utsleppsleidningane
Slamutskiljar Flyplassen
Prosjektering VA Sjoarbakken
Lager Valvatna
Sjoarbakken VA
Tømmervik terminal VA
VL Slettedalen-Borrevik
Dyråsen VA (Smette terrasse)
VA Apalvegen

Prosjekt VTP

Utførte VTP prosjekt i 2012:

Asfaltering:

Det er utført asfalteringsprogram som omfattar reasfaltering av vegane:

Øklandslio

Valevegen, del av Fjellgardsvegen

Del av Ådlandslio m.v.

Oppgradering:

Det er utført prosjekt med oppgradering av offentlig parkeringsplass ved Fjellstova samt utbetring av del av Vatnadalsvegen m.v.

Det er utført prosjekt som inkluderar supplerande drenering i Øklandslio m.v.

Arbeidsmiljø

Føretaket har også i 2012 hatt fokus på arbeidsmiljø og HMT.

Fylgjande aktivitetar har blitt utført innan IK/HMT:

- Risikoanalyse for arbeidsmiljø. Både for VTP og VAR
- Mattilsynet hadde tilsyn den 13. mars
- Utført risikovurdering ved bruk av kjemikalier på vasshandsamingsstasjonen (Aquateam)
- Fast møte mellom tillitsvalt, lokalt verneombod og administrasjonen
- Opplæring i bruk av den nye Kvalitets løsen (Alle medarbeidarane i mai)
- Opplæring i varslingsplanen for vasshandsamingsstasjonen (Alle vaktene for vasshandsamingsstasjonen, mai)
- Jobba med damsikrings prosjektet, saman med DHIVA
- Hausten 2012: Alle medarbeidarane på VAR fekk opplæring i internkontroll systemet «VIS»

Registrerte hendingar innan HMT

År	2010	2011	2012	Endring
Skade med fråvær	2	0	0	0
Skade utan fråvær	2	1	1	0
Uønska hending	2	5	4	-1

Utviklinga gjeldande skadar og registrering av uønska hendingar er positiv. Dette arbeidet vil halda fram også i 2013!

Målsettinga er: 0 hendingar.

Registrerte avviksmeldingar

År	2010	2011	2012	Endring
Avvik	76	84	87	+3

Føretaket si målsetting er at alle avvik skal registrerast. Altså 100 % registrering.

Måлтаlet er her 150 avviksmeldingar i året! (Ein avviksmelding per ca 280 utførte arbeidstimar)

Dette viser at registrering av avvik kan truleg bli meir omfattande. Føretaket har fokus på dette!

Sjukefråvær i snitt SVA KF

År	2010	2011	2012
Langtid	2,47 %	0	2,79
Korttid	2,96 %	1,64	2,77
Samla	5,44 %	1,64	5,66

Utfordringa til SVA for 2013 blir å fortsette den gode utviklinga ein hadde i 2011!

Kompetanseheving

Føretaket har som strategi å oppnå høg kompetanse innan fagområda og offentleg forvaltning.

Nøkkelord:


- Kompetanse er truleg det områda føretaket har aller størst utfordring på. Det viser seg at det er vanskeleg å rekruttere nye medarbeidarar med dei kvalifikasjonane ein er ute etter. Dette gjeld både på montørsida og spesielt på ingeniørsida. Skal SVA oppnå målsettinga med å være heilt på topp innan service, fagfelt og forvaltning må rekruttering få eit større fokus framover. Fokus på spesielt marknadsføring og lønsevne!
- Medarbeidarane er aktivt med på fagsamlingane som DIHVA (Driftsassistansen Hordaland Vatn og Avløp) arrangerer for medlemskommunane. Fleire medarbeidarar har i 2012 gjennomført hovudkurset for vassproduksjon! Dette er eit kurs som går over totalt tre veker!

Nøkkeltal. Kunder hos Stord vatn og avlaup KF

Stord vatn og avlaup leverer/administrererer følgende:

	Kunder 2011	Kunder 2012	Endring
Levert vatn til	7.338	7.442	+104
Tatt hand om avlaup frå	6.593	6.703	+110
Tatt hand om avlaup frå hytte/fritid	52	49	-3
Tal abonnentar slamavskiljarar, hushald	508	507	-1
Tal abonnentar slamavskiljarar, hytter/fritid	60	62	+2
Tal abonnentar på renovasjonsteneste, hushald	7.434	7.546	+112
Tal abonnentar på renovasjonsteneste, hytte/fritid	321	320	-1

Nøkkeltal. Utvikling eigeomsgebyrer



Rekneskap -, fakturering - og arkivtenester mm

Føretaket kjøper tenestene rekneskap, fakturering og arkivtenester frå basisorganisasjonen i Stord kommune.

Samla kostnader for tenestekjøp internt i Stord kommune var for 2012 kr 2.265.061,-

Investeringar/lån

Det var i 2012 budsjettert kr 41.172.250,- til investeringar.

Sjølvkostområda utgjorde av desse kr 38.872.250,-
Veg, trafikk og parkering utgjorde kr 2.300.000,-

Kalkylerenta som vart nytta til budsjettering av kalkulatorisk rente på investeringane for 2012 var 3,7%. I samsvar med reglane for sjølvkostrekneskap er ein pålagd i etterkalkylen å nytta 3-års statsobligasjonsrente + 1% som rente. Ved utgangen av 2012 var denne renta nede i 2,44%.

	Vatn	Avløp	Renovasjon	Slam	Sum VA	VTP
Netto driftsresultat	-2.016.850	+962.380	-147.806	-241.240	-1.443.516	-287.499

Etterkalkyle renter/avskrivningar:						
Kalkulatorisk rente 3,7%	13.728.495	13.263.018			26.991.513	
Etterkalkyle 2,44%	10.760.011	10.044.968			20.804.979	
Differanse mot etterkalkyle	2.968.484	3.218.050			6.186.534	

Avsetning/bruk av midlar:						
Netto driftsresultat +differanse etterkalkyle	951.634	4.180.429	- 147.806	-241.240	4.743.017	
Renter til sjølvkostfond	138.246	474.079	13.420	10.831	636.576	
Sum avsetning(+) / bruk (-) av fond	1.089.880	4.654.509	- 134.386	-230.409	5.379.594	
Overf. til investering						905.846

Rekneskapsmessig meir(-) / mindreforbruk (+)						
Meirforbruk VTP						-1.193.345
Differanse mot etterkalkyle VA	-2.968.484	-3.218.050			-6.186.534	
Renter til sjølvkostfond	- 138.246	-474.079	-13.420	-10.831	-636.576	
Sum (mot balanse)	-3.106.730	-3.692.129	-13.420	-10.831	-6.823.110	-1.193.345

Veg-avdelinga (VTP) hadde eit investeringsbudsjett på kr 2,3 Mill. I tillegg hadde kommunen i 2011 satt i gang prosjektet Fv70 Jensanesvegen, som SVA KF har fått ansvar for å gjennomføra. SVA KF har her gjennomført investering for kr 18,1 Mill. i 2012, og desse er kostnadsført i VTP-avdelinga. Fylkesløyvingane på kr 20,9 Mill. er fullfinansiert og ein er no byrja å nytta av forskotteringsløyvinga i kommunen.

Utover fylkesvegprosjektet har VTP investert kr 3,1 Mill. I hovudsak til asfalteringsarbeid, trafiksikringsplan og til utbetring av parkeringsplass på Lundsetter.

Føretaket står med langsiktig lånegjeld til Stord kommune pr. 31.12.12 med kr 391,53 Mill. Det er betalt kr 11,8 Mill. i avdrag.

SVA KF	31.12.2011	31.12.2012	Endring siste år
Langsiktig lånegjeld i SK (Mill) VAR	351,2	393,25	+42,05

Drift

Rekneskapen for SVA 2012 er satt saman av eitt sjølvkostbasert rekneskap (VA) og eitt kommunefinansiert rekneskap (VTP).

Rekneskapen for 2012 syner:

	Vatn	Avløp	Renovasjon	Slam	Sum VA	VTP
Netto driftsresultat	-2.016.850	+962.380	-147.806	-241.240	-1.443.516	-287.499
Budsjett 2012	-2.000.000	-600.000	-200.000	-290.000	-3.090.000	0

Avviket (mindreforbruket) på avløp skuldast på den andre sida at fleire av dei planlagde utskiftingane/saneringane ikkje vart gjennomført i løpet av året; Frugarden silanlegg inngangsparti, Knutsåsen, Linneavegen, Dalen og Håvåsen.

VTP sitt driftsresultat korrigert for avsetning til investering (60% av refundert investeringsmoms) blir kr. 1.193.345. Dette er det rekneskapsmessige meirforbruket.

Avviket kjem i hovudsak av:

- Kr 0,5 Mill. i større straumutgifter enn budsjettert.
- Vidare er det om lag kr 0,2 Mill i ekstra overtid (brøyting)
- Ekstra bilhaldsutgifter (både pga. brøyting og uføresett reparasjon av Unimog-køretøy)
- Og brøyteberedskapsutgifter (materiell/tenester) med opptil 0,2 Mill.
- Det er også belasta kr 0,25 Mill. til VA-verksemda for administrative støttetjenester (desse vart tidlegare utført av kommunen)

Resultat/fond:

Vatn, avløp, renovasjon og slam skal førast etter prinsippet om sjølvkost. Dette betyr at over-/underskot skal avreknast (etterkalkulerast) og førast mot sjølvkostfond.

Innanfor vatn og avløpsområdet har lågare renteutgifter og kapitalutgifter enn budsjettert dei siste åra ført til oppbygging av desse sjølvkostfonda.

Fonda er som fyljande pr. 31.12.2012:

Fond pr.	31.12.2009	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012	Endring
Vatn	6.874.268	5.477.862	5.190.022	6.279.903	+1.089.881
Avløp	8.310.425	13.763.198	17.339.302	21.993.811	+4.654.509
Renovasjon	850.372	709.538	623.913	489.527	-134.386
Slam	445.834	297.633	564.534	334.125	-230.409
Sum fond	16.480.899	20.248.231	23.717.771	29.097.366	+5.379.595

Stord dd.mm. 2013

Roy-Sverre Amundsen
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Hege Økland
Styremedlem

Gunhild Enes
Styremedlem valt av medarbeidarane

Johannes Njösen
Styremedlem

Sivert Haaland
Dagleg leiar